



Arkivnr: 2015/486-12

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		14.04.2015
Fylkesutvalet		22.04.2015

### Søknad om ruteløyve for strekninga Tyssedal - Skjeggedal

#### Samandrag

Odda Taxilag AS har søkt om ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal, med høve til å køyre til/frå Odda når det ikkje er Skyssruter dit. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert imøtekomen.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner Odda Taxilag AS sin søknad om ruteløyve for strekninga Tyssedal – Skjeggedal, med høve til å køyre til/frå Odda når det ikkje går Skyss-ruter dit.
2. Ruteløyvet gjeld i ti år.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: E-post av 29.12.14 frå Odda Taxilag AS

**Fylkesrådmannen, 27.03.2015****Bakgrunn**

Odda Taxilag AS, (org.nr 984572646) har i vedlagte e-post av 29.12.14 søkt om ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal. Fylkesutvalet skal vurdere behovet, og kva vilkår som eventuelt skal setjast for løyvet dersom søknaden vert godkjent. Ruteløyve vert normalt gjeve for 10 år.

**Saksopplysningar**

Skjeggedal er eit attraktivt og mykje nytta utgangspunkt for fjellturar. Veggen mellom Skjeggedal og nærmaste haldeplass, Skogly i Tyssedal er 6,6 km lang. Veggen er til dels svært bratt, svingete og smal, og tidvis relativt trafikkert.

Det er søkt om å utføre 2 daglege ruteturar kvar veg i perioden 1. juni – 15. oktober, og ytterlegare 2 i perioden 1. juli – 15. september. Turane er planlagt utført med maxitaxiar som taxilaget elles nyttar til skolebartransport med vidare. Turane til Skjeggedal er planlagt køyrde om morgonen og føremiddagen, og returane om ettermiddagen og kvelden.

Det er i samråd med Skyss føreslege å ha korrespondanse i Tyssedal med Skyss sine turar til/frå Odda. Laurdag kveld og søndagar er det ikkje lokalt rutetilbod mellom Tyssedal og Odda, og taxilaget ønskjer då å køyre til/frå Odda.

Det er lagt opp til ein sams billettpris på kr 50 for strekninga Tyssedal - Skjeggedal, og kr 100 for strekninga Odda – Skjeggedal.

**Høyring**

I brev av 16.01.15 frå Odda kommune heiter det m.a. følgjande:

Ordføraren i Odda kommune har ingen merknader til søknaden frå Odda Taxilag as om ruteløyve for strekninga Odda - Skjeggedal i 2015 og tilrår den imøtekomen.

Basert på røynslene frå i fjor vil tiltaket letta den utfordrande trafikale logistikken mellom Tyssedal og Skjeggedal og redusera presset på parkering i same område.

Skyss har ikkje innvendingar mot søknaden.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Eit rutetilbod mellom Tyssedal og Skjeggedal vil gjere det lettare å kome seg til fjells til/frå Skjeggedal, noko som er positivt for turistnæringa og folkehelsa. I tillegg kan trafikk- og parkeringssituasjonen i Skjeggedal bli betre. Eit eventuelt overskot frå drifta vil stø opp under drosjetilbod til innbyggjarane og turistane og arbeidsmarknaden i området. Fylkesrådmannen legg og vekt på at Odda kommune og Skyss er positive til søknaden.

På nemnde grunnlag rår fylkesrådmannen til at søknaden vert imøtekomen. Det er generelt viktig å skjerme Skyss sine trafikkinntekter, og det bør difor setjast vilkår om at det ikkje skal utførast lokaltransport i opningstida for Skyss sitt lokalrutetilbod.